



ALVER

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Gudveig Kartveit Sundsbø
Radøyvegen 1277
5936 Manger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1739 – 21/14959

Saksbehandlar
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato: 08.03.2021

Etterlysing signert serviceavtale med Biovac AS – gbnr 455/4 Kartveit

Tiltak: Signert serviceavtale
Byggjestad: Gbnr. 455/4
Tiltakshavar: Gudveig Kartveit Sundsbø

Alver kommune har den 19.02.2021 motteke melding frå Biovac Environmental Technology AS om dei ikkje har fått i retur serviceavtalen som gjeld for det installerte minireinseanlegget på eigedommen din, med adresse Radøyvegen 1277, 5936 Manger. Minireinseanlegget er av typen BIOVAC FD 5N GUP kl. 1. Eigarskiftet blei gjort 06.07.2020, men det har ikkje lukkast Biovac AS å oppnå kontakt med ny eigar. Vi har fått opplyst at serviceavtalen inneber service 2 gonger i året. Etter avtalen har siste service på minireinseanlegget blitt gjort den 04.03.2021.

Minireinseanlegg skal driftast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale, jf. forureiningsforskrifta § 12-13. Utslepp frå prefabrikerte minireinseanlegg er berre gyldig når det ligg føre godkjend serviceavtale.

Vi ber deg snarast om å sende signert serviceavtale tilbake til leverandør for å iverksetja avtalen igjen. Dersom vi ikkje mottar melding om at avtalen er satt i drift igjen innan **08.04.2021**, vil kommunen krevje pålegg om retting i forhold til utsleppsløyyet, jf. forurensningslova § 7 andre ledd første punktum:

«Når det er fare for forurensing i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensingen sørge for tiltak for å hindre at den inntre.»

Pålegg som ikkje vert etterkome, vil bli følgd opp med tvangsmulkt, jf. forurensningslova kap. 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post eller post.

- post@alver.kommune.no
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Med vennleg hilsen
Alver kommune, avd. Miljø og tilsyn

Astrid Riise
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gudveig Kartveit Sundsbø

Radøyvegen 1277

5936 Manger

Kopimottakarar:

Biovac Environmental Technology AS

Farexveien 19

2016 Frogner